



Ålfotbreen  
verneområdestyre

# Møte i Fagleg Rådgjevande utval 2024

26.September - Svelgen

# 1. Velkommen.

Opning av møtet v/styreleiar

# Agenda

- 1. Opning av møtet**
- 2. Forvaltning og saker i 2023**
- 3. Eventuell nasjonalparkstatus**
- 4. Gjennomførte tiltak i 2023**
- 5. Aktuelle tiltak i 2024**
- 6. Innspel frå utvalet**
- 7. Eventuelt**

## 2. Forvaltning og saker i 2024

# Verneområdestyret 2024-2027

Jacob Nødset	Styreleiar	Kinn
Katrine Anita Heggelund	Nestleiar	Gloppen
Henny Hansen	Styremedlem	Bremanger
Åsmund Berthelsen	Styremedlem	Vestland

# **Styret har hatt 3 styremøte til no i år:**

- Konstituerande møte og kompetanseprogram i Sogndal i april
- Styremøte og synfaring i Vingen i mai
- Teamsmøte i september



## Saker:

- Helikopterlandingar i samband med bygging av sikringshytte ved Gjegnabu
- Helikopterlanding i samband med bygging av ny bremøatingshytte
- Helikopterlanding i samband med hjortejakt i Grøndalen



# Film om geologien i Ålfotbreen

Korleis vart det unike landskapet og  
dei høge fjella i Ålfotbreen  
landskapsvernområde til? - YouTube

### 3. Blir Ålfotbreen nasjonalpark?

- Klima og miljødepartementet har foreslått Ålfotbreen som nasjonalpark.
- Statsforvaltaren i Vestland har fått i oppdrag å starte prosessen som *kan* føre til at Ålfotbreen blir nasjonalpark.
- Nytt verneforslag med nye grenser og ny forskrift.
- Det er eit vilkår at kommunane er positive.
  - både til utgreiing
  - og til det endelige verneforslaget



# Kor står vi no i prosessen?

	Bremanger	Gloppen	Kinn
Ålfotbreen føreslått som nasjonalpark Klima- og miljødepartementet			
Klarsignal til utgreiing	?	Ja	Ja
Utgreiing – kunnskapsinnehenting - medverknad – utarbeide forslag til ny forskrift og grenser – Offentleg høyring Gjennomførast av Statsforvaltaren			
Ta stilling til forslag til ny nasjonalpark	?	?	?
Vedtak Kongen i Statsråd			

# Skilnad på nasjonalpark og landskapsvernområde ?

- Nasjonalpark er i utgangspunktet eit sterkare vern og større «kvalitetsstempel»
- Ålfotbreen LVO har ei forskrift som er veldig lik nasjonalpark
- Betre merkevare for reiseliv, næringsliv, friluftsliv
- Grenseendringar
  - Kraftinstallasjonar og –inngrep må ut
  - Andre endringar rundt kulturlandskap til dømes?
- Gjennomgang av verneforskrift – eventuelle justeringar
- Prosessen som avgjer. Kartlegging, innspel, erfaringar, høyring.



# Kvifor gjere om til nasjonalpark?

Eit av mange bidrag for å oppfylle internasjonal naturavtale.

Ei sterkare merkevare og kvalitetsstempel som kan brukast av reiseliv og anna lokalt næringsliv.

Større merksemd og lokal stolthet?

Tilgang til ressursar som LVO ikkje har?

Ålfotbreen er ei «lågthengande frukt»



# Kva betyr det i praksis for grunneigarar og brukarar?

Det kan vi ikkje seie sikkert før vi har hatt utgreiing med medverknad og det ligg eit forslag på bordet.

Mest sannsynleg:

- Friluftsliv – som før
- Jakt og fiske – som før
- Beitebruk – som før
- Bygging og inngrep – noko strengare?
- Motorferdsel – som før
- Plantar og vegetasjon kan få eit noko sterkare vern – hogst kan bli regulert på ein annan måte enn i dag



# 4. Gjennomførte tiltak i 2024

# Bru ved Grøndalsstøylen



# Parkeringsplass i Grøndalen



# Rydde og merke stiar i Grøndalen

- Svartedalen
- Rundtur?



# Reparere bru Skarvevatnet

Brua ved Skarvevatnet (montert sommaren 2021) har fått seg ein knekk og må reparerast

Vi har fått tak i nye delar og materiale til å reparere og forsterke

Krevande område – må ha tid og godt ver for å komme oss opp dit.



Pri ↑	Navn	Skildring	Kostnads-overslag	Fordelt su	Utbetalt/attestert	Driftsmid	status
1	Turskilt	Bytte ut gamle og øydelagde turskilt med nye og standardiserte.	5 000				Kan dekkast med driftsmidler
2	Rydde og merke sti Grøndalen - Svartedalen		30 000	30 000			Ungdommar i Kinn/Nordalsfjorden jobbar med tiltaket gjennom lokalt firma og med støtte frå grunneigar og turlag.
3	Tilsyn med brua ved Skarvevatnet		6 000				Kan dekkast med driftsmidler
4	Sti til Blåbrebu	Ruste opp og forsterke brua ved Grøndalsstøylen.	100 000	100 000	35132		Ferdig utført.
5	Rydde og remerke stiar i Grøndalen		20 000	20 000			Ungdommar i Kinn/Nordalsfjorden jobbar med tiltaket gjennom lokalt firma og med støtte frå grunneigar og turlag.
6	Informasjonsskilt		100 000	50 000			
ny	Reparere bru ved Skarvevatnet	Reparere bruva som vi monterte ved Skarvevatnet i 2021. Må fly opp reservedelar og bytte ut det som er øydelagt. Helst og forsterke konstruksjonen.	?				Bruke driftsmidlar so langt dei rekk.
ny	Reparere naturskade ved parkeringsplass i Grøndalen		?				Gravdal har utført reparasjon i samband med anna arbeid. Bruke driftsmidlar om der er noko att. Kanskje hente pengar frå informasjonsskilt?

Totalt	261 000	200 000	35 132	16 536
Tildeling		200 000		
Rest		164 868		

Ferdig
I prosess
usikker
ikkje gjort noko
går ut

# 5. Aktuelle tiltak i 2025

# Tiltak og tiltaksmidlar i 2025

Som vanleg skal verneområdestyret sende søknad om tiltaksmidlar til Miljødirektoratet rundt nyttår.

Søknaden er som ei «ønskeliste» der vi fører opp kva tiltak vi vil ha midlar til og kor mykje.

Utpå vinteren får vi svar på søknaden og tildeling. Dei to siste åra har vi fått 2-300.000 i året. Summen er avhengig av statsbudsjettet og korleis posten der blir fordelt. Vi får også ei tilbakemelding på kva av dei innmeldte tiltaka som vi kan bruke midlane på.

Frå og med i år får vi også ein pott med driftsmidlar som vi kan bruke til vedlikehald, reperasjonar og andre «oppdukkande» ting. I 2024 er den på 50.000.

## Kva tiltak kan få midlar?

- Skjøtsel, tilrettelegging og informasjon
- Forankra i besøksstrategi, forvaltningsplan, skjøtselsplan, tiltaksplan



# Søknaden for 2025

Søknaden med liste over tiltak vert sett opp på siste styremøtet i år, 6.desember

Vi tek i mot innspel fram til 20.nov.

Det er ein fordel om innspela er litt strukturert og planlagt.

Kva går tiltaket ut på?

Kven skal gjere det?

Korleis skal det gjerast?

Kva vil det koste?



## 6. Innspel til styre og forvaltning

- Tilbakemeldingar på konkrete saker og forvaltning
- Generelle innspel til styre og forvaltning
- Innspel til aktuelle tiltak i 2025

# 7. Ymse



Norges  
nasjonalparker